

Møte Fau ved Møhlenpris skole, onsdag 3. november

Tid 18-20

Tilstades: Kristin (andre klasse), Øyvind (sjette klasse), Camilla (første klasse), Johannes (første klasse), Marianne (tredje klasse), Hilary (fjerde klasse), Espen (tredje klasse) og Vagleik (leiar) og Laila-Sofie (rektor)

Forfall: Skjalg (sjuande klasse), Jenny (femte klasse)

Godkjenning av innkalling, sakliste, referat

Det blei fatta slikt vedtak: Innkalling, sakliste, referat blir godkjend.

Økonomi:

Rektor orienterte om skulens økonomi. Skulen styrer mot eit kontrollert underskot i 2021.

Det blei og drøfta korleis skaffe seg oversikt over Faus økonomi.

Det blei fatta slikt vedtak: Økonomiansvarleg skaffar oversikt over kontantstraumen og kontoen til Fau.

Registrering i Brønnøysundregistret

Det blei fatta slikt vedtak: Fau registrerer seg i Brønnøysundregisteret

Revidering av årshjulet (Fastlegge program for 2022)

Det blei fatta slikt vedtak: Oppdatert årshjul for 2022 blir vedteke på neste Faumøte onsdag 1. desember. Innan den tid skal årshjulet sendast digitalt til medlemmane i Fau.

Planlegging av Lysfesten

Det blei fatta slikt vedtak: Ansvar for Lysfesten har første trinn. Første trinn hentar inn hjelp og støtte til praktisk gjennomføring frå Hildegunn Jørs. Fau kjøper samosa frå somalisk kvinneforeining og sel desse. Overskotet frå salet går til Adina stiftinga.

Registrering i Frivilligregisteret

Det blei fatta slikt vedtak: Fau Møhlenpris skole registrerer seg i Frivilligregisteret.

Trafikktryggleik langs Bredalsmarken fram til busstoppet på Møhlenpris

Det blei fatta slikt vedtak: Camilla og Kristin undersøker til neste møte i Fau korleis ein kan komme vidare i denne problematikken.

Trivselsleiarar.

Det har komme innspel om ordninga og korleis ho er organisert. Saka blei drøfta grundig.

Det blei fatta slikt vedtak: Fau ønsker at Møhlenpris skole evaluerer kriteriane for utvelging av trivselsleiar og tenestelengda på vervet.

Informasjon frå skulen.

Det har komme innspel om at det sagnast informasjon frå skulen og i undervisninga. Særleg blir det reagert på at vekeplanane no berre er digitale.

Det blei fatta slikt vedtak: Fau støttar Møhlenpris skole sitt val om å bruke digitale vekeplanar, særleg sidan det framleis er mogleg å få planen i papirformat.

Ny vara frå sjette klasse

Øyvind Strømme stilte som ny vara for Liz-Eva Tøllefsen.

Det blei fatta slikt vedtak: Øyvind Strømme er ny vara frå sjette klasse-

Orienteringar:

Vår Dag

Søke prosjektmidler (<https://prosjektmidler.spv.no/slik-soker-du-stotte-fra-heia-nabolaget/>)

Desse orienteringane gjekk ut på dette møtet.

Evaluering Hjertesoneprosjektet

Hjertesoneprosjektet skal evaluerast i november. Skulen har ikkje hatt så stort fokus på dette prosjektet, då mange barn syklar og går til skulen.

Natteravner

Det blei kort drøfta i Fau, og vi konkluderte med at leiaren for Natteravnane på Møhlenpris skole melder når han ønsker å møte i Fau.